

## Årsmelding 2013

### Styret

Styret har i denne perioden vore samansett slik:

Øyvind Granberg – leder

Ragnhild P. Ulrich – sekretær

Ivar A. Gjeitnes – kasserer

Sidan det ikkje var råd å få med seg fleire folk vart det ikkje fleire enn oss tre i styret siste året. Likevel bestemte vi oss for å arbeide vidare, grunna bygdemobiliseringsmidlane og prosjekta som er i gong der. Det har ikkje vært mange møte, men vi har fått gjort mykje bra for bygda vår. Men, om ikkje interessa for bygdelaget aukar, kan ein risikere at laget vert lagt ned, og det vert ei lita katastrofe når ein tar omsyn til dei prosjekta som allereie er i gang, og dei framtidige prosjekta. Men det er òg eit faktum at eit lag som TBL trengst i bygda. Styret ser no helst at yngre krefter tek over. Gjennomsnittsalderen i styret i dag er altfor høg, og yngre krefter må kome på banen snarast.

### *Blomar langs hovudvegen*

Det var eit stadig aukande problem med å samle inn midla til blomane langs vegen, men det er no i orden. Gapskratten har sagt seg viljuge til å betala det året arrangementet gjeng av stabelen. Syltemartnan har tatt på seg å betale dei åra det ikkje er Gapskratt. Blomane for i år er bestilte.

### *Bygdeutviklingsmidlar*

I tråd med klausulane tilknytt tilsegn med bygdemobiliseringsmidlar vart det oppretta ei styringsgruppe som skulle ta seg av bruken av midlane. Grunna manglande interesse frå friviljuge vart innhaldet i denne styringsgruppa det same som styret i TBL Fristen for prosjekta går ut i mai 2014. Etter det blir det gjort ei oppteljing og innmelding til fylket. Då først veit vi kor mykje midlar vi vil få utbetalt. Deretter skal midlane fordelast til dei som har tatt initiativet til dei ulike prosjekta. Kva prosjekt som er med, veit vi meir om når alle timelistene er komne inn. Men vi kan allereie no nemne nokre som Kjærringplassen, Turkart over Tresfjorden, Kjersemfjellvegen, Tursti Rypdal – Øvstedal og Tursti Holsbrua.

### *Fiber i bygda*

Ved bygdemøte 2.10.2013 vart det etablert ei fiber-gruppeleda av Ivar Arne Gjeitnes. Andre i gruppa er Jørgen Kjersem, Siv Kjersem og Børge Sylte. Gruppa er i kontakt med leverandør og kommune og jobbar for ei løysing så snart råd er.

### *TV-aksjonen*

TBL tok på seg å koordinere bøsseomberinga til innsamlingsaksjonen sist haust. Bøssebærerar gjorde jobben godt, og Tresfjorden var den bygda som ga nest mest pr. innbyggjar i kommunen.

### *Turstier*

Arbeidet med tursti sør for Vollsbrua er kome godt i gang. Det er grunneigarane sjølve so gjer dette. Timelister til bygdemobiliseringsmidlar er venta inn. Nord for brua er det ennå ikkje kome i gong. Dei har òg fått statlege midlar. Derimot er det ei flott gruppe med Trimgruppa i spissen som har rydda skog og fått fram gamle Holsbrua, og held på å lagar tursti fram åt den heilt i frå Tressa i aust. Det vert no mogleg å sjå brua i all si prakt nedafrå der den strekkjer seg over fossen.

TBL bør ta initiativ for at arbeidet med tursti vidare nordover til idrottsplassen vert starta opp i 2014, og realisert så snart det lar seg gjøre. Dette er heilt opp til grunneigarane.

#### *Kjersemfjellvegen*

TBL og grunneigarane, og Kjersem Fjellstyre fekk saman med kommunen til å hale Kjersemfjellvegen vinteropen. Det vart òg gjeve midlar, ca. 1,7 mill. til opprusting av vegen. Dette i tillegg til dei midlane som var vart løyvt året før. Dette er et flott tiltak for bygda, og utviklinga av området kjem difor i gong. Det er òg gjeve statlege midlar til opparbeiding av Helikopterplassen til ein større parkeringsplass.

#### *Juletre*

Den nye ordninga der dei ulike grendelaga skal bidra med ei jule tre på Kjærringplassen ser ut til å fungere godt. Sist jul var det Kjersem som leverte treet, og satte på lysa. Det vart og skipa til eit fint arrangement der lysa vart tende. Til jula 2014 er det Rypdal Grendelag sin tur.

#### *Byggefelt*

TBL har saman med grunneigarar og kommunen starta arbeidet med å få til eit byggefelt i bygda. Det er viktig at det gjærast alt ein kan for at folk skal busette seg her. Difor er det viktig at vi kan tilby stader der folk kan bu. Feltet er forsøkt oppsett i lia frå Tresfjord Museum og nordover, på oversida av husa til John og Jan Arvid Sylte, og fram til grensa til eigedomen til Mattias Sylte. Dette er eit svært spanande prosjekt, som vil ha stor verdi for bygda i åra som kjem.

#### *Gangveg*

TBL var med og så etter innbyggjarane sine interesser når Statens Vegvesen ville lage gangveg på to plassar i bygda. På strekninga Syltebakken – Eidhammer ville dei ha ei innsnevring, der delar av vegen vart brukt til gangveg. Dette ville ikkje fleirtalet av bygdefolket, noko dei uttrykte mest stort fleirtal på bygdemøtet i haust. Det fikk vi gjennomslag for. Den andre strekninga var frå bedehuset i Løvika og nordover til busslomma i Løvik-svingen. TBL sendte eit brev til vegvesenet og bad om at gangstien var fullført fram til utgangen av denne svingen i staden. Dette grunna i den historia nettopp denne svingen har. Planane er no endra slik brevet foreslo, og vart lagd ut til offentleg høyring i dag.

#### *Syltebakken*

Kommunen la ut til offentleg høyring ei regulering av Syltebakken-området frå Sjøelvbrua til Øygardsbakken. Dette ser spanande ut, og TBL vonar at dette kan verte realisert.

#### *17-mai*

Mellom anna TBL vart av FAU innkalla til møte 28.4.2014 der det skal diskuterast om kva for ei form 17-Mai-kommitten skal ha i åra som kjem. Problemet er at det er så få elvar i dei aktuelle klassane, og dermed så få foreldre, at det nesten er umogeleg å gjere det arbeidet som trengs for at bygda skal få feire nasjonaldagen.

Med andre ord det er mykje som er gjort, og mykje som skal gjærast i åra som kjem, og difor er det viktig at TBL fortsetter å være ein aktiv pådrivar i utforminga av framtida vår, samt at laget kan være bindeleddet mellom bygda og kommunen. Det er også viktig for bygda at TBL er i stand til å hjelpe andre lag og organisasjonar med det dei treng i forhold til stat og kommune, med tanke på søknadar og anna skriv.

Styret

TBL